



Aril Lind Dragesund
Morvikbotn 78
5122 MORVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1341 - 18/11300

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
25.05.2018

GBNR 31/2 - Riving og gjenoppføring av eldre naust - Orientering om saksbehandling og trong for dispensasjon

Administrasjonen viser telefonsamtale i dag og til søknad om tiltak utan ansvarsrett journalført motteke 11.05.2018.

Eigedomen ligg i uregulert LNF-område. Administrasjonen er kjend med at tiltaket som skal rivast og gjenoppførast (vesentleg reparasjon) er eit eldre bygg som vi vurderer som lovleg oppført.

Etter gjennomgang av søknaden gjer administrasjonen merksam på at tiltaket krev dispensasjon frå den generelle byggegrensa i kommuneplanen sin arealdel (KPA) på 50 meter mot vassdrag, jf føresegn 1.6.0 til KPA. Dette fordi arbeida som skal gjerast inneber noko meir enn vanleg vedlikehald, jf opplysningane i innsendt søknad.

Dispensasjonssøknad vil bli behandla i samsvar med plan- og bygningslova kap 19, som mellom anna krev at saka blir sendt på høyring, samt fremma for politisk avgjerd av Utval for drift og utvikling (UDU).

I tillegg til allereie innsendt dokumentasjon, ber administrasjonen om at det blir sendt inn grunnleggjande dispensasjonssøknad. Det er ikkje trong for å nabovarsle dispensasjonssøknaden, jf pbl § 21-3, 2. ledd, då naboar ikkje blir berørt negativt.

Dersom du vel å søke om dispensasjon og denne blir godkjent, vil tiltaket i seg sjølv ikkje vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova som tiltak.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tordis Johanna Åsebø Nikolaisen Storehaugen 9 5304 HETLEVIK

Mottakere:

Aril Lind Dragesund Morvikbotn 78 5122 MORVIK